

## GAMLE JULESKIKKAR I SOGN- DEIRA OPPHAV OG UTVIKLING



Frå ei julafta i Tillischgarden i Vik. Biletet er datert til 1905–1910. Foto er utlånt frå Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane.

Den eldste julefeiringa vi kjenner til her i landet, er eit julelag på Kvåle i Sogndal i 1244.

Sturlungesoga fortel at Brynjulv Jonsson, mektigaste mannen i Sogn og av dei gjævaste i Norge, bad grannar og frendar til julelag. På Kvåle hadde dei mange hus og ofte mange folk samla til drikkelag. Etter fleire dagar med øldrikking, byggjer det seg opp til usemje og tretting mellom nokre av mennene i laget. Åttande julekvelden drakk dei tett og utpå kvelden gjekk dei over til vin. Først drakk dei omgangsskåla og sidan tømde dei kvar sitt horn. Mest alle var drukne. Ein med namn Geirmund, klagde fleire gonger over at drikken var lumsk og iblanda sterkt. Då Bjørn, bryggjaren og kjellarmannen til Brynjulv, bar enda ei skål til Geirmund, støyte han frå med handa så skåla for i bringa på Bjørn, og drikken i halmen. Bjørn vart sinna og slo han i ansiktet så blodet rann. Då sprang islandske Torgild opp, han var på vitjing i Sogn og budde hjå Brynjulv. Han tykte Bjørn til vanleg var gjerrig med ølet og mistenkte han for å slarve til Brynjulv. Han treiv eit sølvslege drikkehorn, klemte det i herdene på Bjørn, som stupte med skallen i golvet. Torgild vart hindra frå å utføre ytterlegare slag og Brynjulv sa: "Inkje har det vore vis at folk vart slegne i mitt hus". Torgild svara: "Hugs på kven som slo først, De Sygner hev til skikk å drikka til ingen lenger kan styra seg". Bjørn kunne ikkje venta seg det betre. Fleire prøvde å få til ei semje og etterkvart roa det seg. Morgonen etter gjekk Brynjulv først til kyrkje, sidan sette

alle seg til drikkebordet og snakka om det som hadde skjedd kvelden før. Det endte med at julefreden vart gjenoppretta og dei sette seg sidan til å drikke. Husbonden var i godt lag og dei andre med og dei drakk då jula ut.

Skildringa gir oss eit bilete av ei julefeiring, med drikk og festing som det sentrale, i alle fall for mennene. Det ser til og med ut til at drikkinga ikkje berre var ei forlysting, men nærast ei plikt, som ein måtte ha gode grunnar for å sleppe fri: Det høyrer med til historia at "Berge drakk lite, han var sjukeleg og fekk difor drikka som han vilde og slapp drikkebøter (tøma umframthorn)".

Lat oss sjå nærare på dei gamle juleskikkane våre, korleis har dei oppstått, kvar har dei opphavet sitt og korleis har dei endra seg gjennom tidene? Kanskje vi og kan finne ei forklaring på den mellomalderske juledrikkinga.

I dei gamle sagaene finn vi fleire stader omtala ein heidensk midtvintersfest kalla jul. Namnet har truleg samanheng med Jolnir, som var eit namn ein brukte på Odin og det kan difor tyde på at festen var tileigna han. Vi veit ikkje mykje om denne festperioden, verken det eksakte tidspunktet eller kva slags fest dette eigentleg var. Den vanlegaste forklaringa er at dette var feiring av vintersolkverv, som i mellomalderen var datofest til den 13. desember (seinare vart solsnu lagt til 21. desember, på St. Tomasmesse).

Blot og bloddrikkelag var sentrale element i den heidenske midtvintersfesten, og i dei andre heidenske årsfestane, som vart halde vår, sommar og haust. Det var viktig å halde seg inne med dei gamle gudane, for m.a. å sikre god avling og grøde. Mat og øl vart ofra, og buskapen med. Ja, til og med sine egne søner og døtre brende dei på bålet, medan dei skåla og drakk til minne og ære for Odin, Njord, Frøy og døde frendar. Bålbrenning var og ei viktig handling på årsfestane. Føremålet med bålbrenninga var opphavleg å gi sola ny kraft. Restar av bålbrenningsskikken heng enno att i vår tid, med jonsokbålet, og det lever enno folk som kan minnast at ein brende bål pinseafta

Nokre meiner vinterfesten var ein fest for fruktbarheit i det kommande året og andre har vilja forlære den som ein dødsfest, "ein allesjelsfest". Muligens har dei alle rett, i alle fall finn vi og element frå desse forklaringane i festen.

Men korleis gjekk det så til at den heidenske jula vart ei kristen jul, slik den tydeleg var i 1244, då Brynjulv gjekk til kyrkje ein av juledagane?

## DEN KRISTNE JULA

Då kristendommen kom til Norge med Olav Tryggvason i 995, hadde jula lenge vore feira som ei kristen høgtid i andre land.

Dei første kristne i det romerske riket, begynte å feire Jesu fødselsdag alt på 300-talet.

Fødselsdagen var 6. januar og høgtida hadde fått ei førebuingstid (advent) og ei etter-festtid. Seinare på 300-talet, vart Jesu minnedag flytt til 25. desember, dagen for den heidensk-romerske midtvintersfesten med solsnu og solgudens fødsel.

Hensikten med flyttinga var å gi dei heidenske festane eit kristeleg innhald, og på

denne måten prøve å komme dei heidne i møte. 6. januar vart frå no minnedagen for dei heilage tre kongane.

Etterkvart kom og den heidensk-romerske nyårsfesten 1. januar, til å gli inn i den kristne minnefesten. Nyttårsdagen var dagen for overrekking av gåver, planlegging og lovnader. Varsler for det nye året viste seg og no. Både varseltakinga og gåveutdelinga gjekk smått om senn over til å bli juleskikkar og det same gjorde den gamle nyårsskikken med å la bordet stå duka og dekkja over natta. Etterkvart som kristendomen vart vel etablert her i landet, vart dei romerske jule-og nyttårsskikkane tekne opp i den norske julefeiringa.

Også makthavarane sette preg på julefeiringa, med påbod, lover og reglar for korleis jula skulle feirast. Alt det gamle heidenske skulle bort. Gjennom lovvedtak på Gulatinget vart den heidenske julefeiringa forboden og det vart påbode å leggje av all gamal gudsdyrking og heidne skikkar, slik som m.a. å tru på trolldom og finner, hekser og anna overtru.

Det vart vedteke spesielle kristenrettsreglar som greip djupt inn i samfunnslivet. Mellom anna vart det påbode å halde dei nye kristne høgtids-og helgedagane. I adventstida skulle det vere fastetid og det vart forbod mot bryllaup tre veker før jul og i dei tolv juledagane frå 25. desember til 6. januar. Det vart innført ein heilag fredperiode i juletida, med vern mot åtak på liv og lemer, dei forfølgde hadde rettsvern og kyrkja stødde oppunder med å nekte gudsdom i denne tida.

Det var sjølv sagt ikkje gjort i ei handvende og utan motstand og kamp å endre mange hundre eller kanskje tusenårs lange skikkar og omvende folket til nye normer og nytt levevis.

Skulle dette late seg gjere måtte ein iallfall inngå nokre kompromiss. Eit av kompromissa var å erstatte blot og bloddrikkelaga ved dei fire årseftane med høgtidsdrikkelag med skåling til minne om Krist og jomfru Maria, og for godt år og fred. I saga om Håkon den gode, i Heimskringla, fortel Snorre at kongen bestemte at folk skulle halde jul på same tid som dei kristne og kvar mann skulle halde gjestebod på ein mæle øl, og halde helg så lenge ølet varde. Kor mykje ein mæle var, varierte. I Sogn var det 16,2 liter og i Fjordane 40,5. Dei som ikkje følgde påboda, måtte betala bøter.

Kong Håkon følgde her den same politikken som Gregor den store gjorde i det romerske riket nær tusen år tidlegare: Han gav dei heidenske festane eit kristeleg innhald for å kome dei heidne i møte. Og dette gir oss ei forklaring på drikkefesten på Kvåle, som vi høyrde om innleiingsvis.

#### KRISTEN OG HEIDENSK TRU; SIDE OM SIDE

Korleis julefeiringa utvikla seg frå mellomalderen og i dei kommande hundreåra, er vanskeleg å seie noko sikkert om. Kjeldene er få og tause på dette området.

Det ser ut til at den spesielle minnedrikkinga varde ved heile mellomalderen og lenge etter. Og trass i kyrkjeleg opplæring, levde den gamle heidenske trua og dei gamle skikkane vidare, ved sida av det nye. Forskarane reknar ikkje med at det kom noko større skifte i julefeiringa med reformasjonen i 1536. I alle fall ikkje med det første, men vi må vel tru at reglane om faste og andre tradisjonar som høyrde til den katolske kyrkja, bleikna etterkvart.

I år 1700 vart det ei endring i tidspunktet for julefeiringa. Den julianske kalendaren vart erstatta av den gregorianske, og tida mellom 19.februar og 1.mars fall vekk. Denne endringa førte til at julafta vart flytta 12 dagar tilbake, og den gamle juledagen, som frå no vart 12.dag jul fall samen med trettandedagen (heilage tre kongars dag 6. januar). Trettandehelga vart feira som nesten like stor høgtid som sjølvje julehelga, til langt inn på 1900-talet.

Først frå midten av 1800-talet har vi kjeldemateriale godt nok til å gje eit meir heilskapleg bilete av julefeiringa, både førebuinga, sjølvje høgtida og ettertida. Frå då og framover har vi skildringar og nedteikningar frå "manns minne", m.a. samla inn gjennom to landsomfattande minneinnsamlingar, ei i 1964 (for folk som var fødd i siste tiåra av 1800-talet og ei i 1980 (for folk som var fødd i 1914 eller tidlegare). Minnematerialet er frå ei tid som i mangt og mykje var ei brytningstid, der ein levde med ein fot i det gamle bondesamfunnet med århundregamle normer, skikkar og tradisjonar og ein fot i det begynnande industrisamfunnet, med omveltning på dei fleste områda. Slik sett vil minna frå denne tida ikkje berre gi oss innblikk i jula slik ho arta seg for 100-150 år sidan, men og kaste lys over dei kjeldefattige hundreåra før.

## JULEFØREBUINGA

Når juleførebuinga eigentleg tok til kjem an på kva vi reknar som juleførebuingar. I vid forstand kan vi kalle mesteparten av det grovarbeidet som gjekk føre seg om hausten som t.d. slakting, tresking, spinning, støyning av lys, baking, luting av fisk, vasking og bryggjing, som juleførebuingar. Ei av minne-forteljarane hevda: "Det var lettare før enn no". Det spørst om vi er samde i det, når vi ser kva dei hadde å stri med.

Slakting av sau og storfe tok til i midten av oktober, men griseslaktinga venta ein gjerne med til siste veksande måne før jul. Ingeborg (fødd i Lærdal i 1906), minnest: "Då var det ståhei. Tranteband og skarpslipte knivar. Grisehyl og forskremde ungar. Saltekaret reingjord og lukta godt av sprakjelog. Store eldhusgryta full av kokande vatn til og skolda med. Alt gjekk både fort og greitt. Mor tok seg av alt det minste, far av det som skulle ligga lenge i saltlake. Alt vart lagd bort til det var godt kaldt. Mor laga pølser godt surra av notatrå. Dei skulle verta sylteflesk til jul. Kjøtpølser med turka finknust kongagrass og timian til krydder. Det var godt det!. Grisehovudet og føtene, fin pussa, vart salta. Skulde og kokast til julemat."

Lysstøyninga var for mange eit teikn på at jula nærma seg. Lysstøyninga vart gjort etter slaktinga, fordi det var feitt, talg frå slaktet som vart brukt til lys. Vi let Søren (fødd i 1892), fortelje om lysstøyninga i Årdal: "Saman med slaktinga hørde og det alltid med å støype lys. Og av dei skulle ein ha mange slag. Det skulle vere bordljøs, heilagtrekongarsljøs, ljøs til joletreet og lykteljøs. Ein støypte ikkje ljøs i form heime, ein "duppa" dei. Garn til veik kjøpte me hjå landhandlaren, tvinna tvo trådar saman og hadde eine enden om ein lang, tunn pinne som ljøset hang på under støyningi. Sjølvje støyningi gjekk for seg på dette viset: Ein bredde talgi, slo den so over i eit smalt hylkje fylt med varmt vatn, so duppa ein ljøset ned i den flotande brædde talgi til ein hadde fange den tjukkeleik den ynskte."

Som kjøtet måtte fisken vere klar til jul. Fisk på julafta (som lutafisk, fersk torsk eller kveite), har opphav i katolsk tid, då adventstida var fastetid og det ikkje var tillate å

ete kjøt før 1. juledag. Lutafisken vart kjøpt inn i god tid og lagd i blaut i flere veker. Bjørkeoska vart brukt til luting, så sterk at den svei på tunga.

Flatbrød og lefse høyrde til i jula som resten av året, men i tillegg var julebrød eller julekaka av gjæra deig, viktig i jula. Julekaka skulle helst bakast av mjøl frå dei siste aksa på åkeren. Forma var rund og på toppen vart ho pynta med figurar som hadde med grøderikdom å gjere. Det var vanleg at kaka låg på bordet heile jula og sidan vart ho gøymt til våronna. Også ungane fekk eigne julekaker. Hans ( fødd i Brekke i 1891), fortel at "ein skikk... var juletollen me ungane fekk hjå grannekonene. Ei vis var at om gudmor budde på garden, etla ho oss julebrødet sitt, eit fem-sekstagga brød med rosin i midten, til gudson eller guddotter si". Også ungane sparde på julekaka si. Desse "kvaringane", som det etter kvart måtte bli, kunne godt vare heilt til kyndelsmesse, 2. februar.

I tillegg til julebrødet vart det baka nokre få kakeslag. "Mor baka fatigmann, goro og sirupsnippar"(Ingeborg, fødd i Lærdal i 1906). Dei sju, eller var det tretten kakeslaga vi høyrer det skulle vere frå gamalt, må ha vore skikkar hjå borgarskapet og storbonden og ikkje hjå folk flest. Dei første julekakene var goro og krumkake, som var steikt på jarn i grua. På 1800-talet kom kaker kokt i smolt, som hjortetak, smoltringar og fattigmann. Då ein fekk støypejarnsomnen og finare mjøl, kom og omnsteikte julekaker som berlinerkransar, serinakaker, sandkaker og sirupsnippar.

Vel så viktig som julematen, var juleølet. Enno var det denne drikken som meir enn noko anna markerte den tradisjonelle julefeiringa. " Alle måtte bryggje, same kor fattig ein var.

Tidspunktet for bryggjinga varierte, men vanlegvis var det 8-14 dagar før jul. Men uansett når ein starta, måtte ein unngå at ølet gjekk solkvervsdagen, St. Tommasdag den 21. desember. Dette var ein svært uheldig dag for bryggjing. Frå Sogndal vert det fortalt: "Solkverv hadde innverknad når dei bryggja og. Ølet ville stogga å gå då, difor var dei varsame og måta det til slik at det gjekk anten fyrr eller seinare". Var ikkje ølet ferdig til denne dagen var det stor risiko for at det blei surt.

Alt det sokalla grovarbeidet måtte vere ferdig til lussi, 13.desember, eller tomasmesse 21.desember, då det eigentlege julestellet tok til. Vi må ikkje forveksle Lussi, med Sancta Lucia, som vi har feira i vårt hundreår, med lys og prosesjon. Nei, i norsk tradisjon er Lussi ei vond kvinneleg demonaktig vette –som for gard-og bygd imellom, og straffa dersom grovarbeidet ikkje var ferdig til denne tid. Som vi hugsar frå heidensk tid, var solkvervsdagen dagen då dei døde begynte å fare kring i gardane og fram til jul var alt trollpakk på ferde.

Dei siste dagane før jul var før som no, ekstra travle, særleg for husmora." Til jul skulle alt vaskast og reingjerast. Stor klævask. Kvitekle kokt i oskelut. Stova og alle romi vart vaska. Ny halm i alle sengene.Ungane fryda seg med å hoppe til så halmen jamna seg. Stor forventning.! Me ungane fekk alltid noko nytt. Ingen skulde gå med julehornet. Nye sko fekk me alltid til jul, men dei hekk på spikra i kjellaren, skulde ikkje takast opp før julafta. Lampa vart pussa med gullbronse. Den store messingstaken vart teken ned or kista, og pussa so blank. Der skulde helligtrekongeljoset stå."(Ingeborg fødd i 1906 i Lærdal)

Litt pynt måtte til og den gongen. Småhakka sprakeeiner vart strøydd utover golvet og gav ei frisk lukt. Ekstra julestemning vart det med ein einerbærkrans med farga papirroser på veggen over døra eller ein sokalla verdens uro av halm, hengjande ned frå taket.

Siste søndag før jul vart kalla skittensøndag. Finkleda var vaska for å vere reine til jul og ein måtte klare seg med gamle skitne filler, denne dagen. Skoltesøndag, var forresten og eit namn på denne søndagen, av di det var vanleg å ha svidde sauehovud til middag.

#### JULAFTA

Julafta stod ein tidleg opp. Dei siste førebuingane til den store julefesten måtte vere ferdige til non, d.v.s. ved tre-tida. Etter dette tidspunktet var det forbode å gjere noko arbeid så lenge jula vara.

Kristen (f.på Hafslo i 1860), gir denne skildringa av julafta på Hafslo, i hans barndom: "Alle har vaska seg og bytt reint. Karane og borni legg seg. Når dei vaknar eller vert vekte, er golvet sopa og strøydd med sand og eine, kvardagskledi henge bort, helgaklerne lagde til rettes, på kannestolen på skåpet står ølkanna og brennevinsflaska, på bordet tregreina joleljós, fisk (lutafisk eller fersk fisk), smør, ost, flatbrød, rugkaka. Når me har ete er klokka 12 midnatt, og då syng me joleversi. "Et lidet barn så lystelig", for det klokkeslettet vart Jesus fødd. Tre gonger syng me det, so tek me kvarandre i hendene, far og mor først, glade er me alle endå der korkje joletre eller jolegåver var."

Vi ser av forteljinga at julekveldsmåltidet var så seint som ved midnatt julafta. Fram mot hundreårsskiftet vart julekveldsmåltidet skuve fram til tidlegare på kvelden. I kyststroka stod fersk fisk på menyen julekvelden med nykjerna smør, flatbrød og mjølkesuppe. Midt på dagen åt ein gjerne kokt kjøt av saueribbe, poteter og flatbrød. Krafta frå sauekjøtet vart nytta til mølje, med sundtbrote flatbrød og rennande feitt oppå. I indre strok var det gjerne omvendt. Der åt ein lutefisk tidleg på dagen og saueribbe til kveldsmåltid.

Graut av risgryn som, som vi i nyare tid set i samband med jula, finn vi lite eller ikkje nytta i jula. Derimot var grynmjølsgraut med smørauge, som skulle minne om solkorset, brukt som tidleg kveldsmåltid i katolsk tid. Svineribbe med medisterkaker er og ein nyare tradisjon som kom etter at støypejarnsomnen avløyste grua, som kokeplass.

Vi merkar oss og at det korje var juletre eller julegåver, i Kristen sin barndom. Frå andre minne ser vi at juletreet vart teken i bruk kring i heimane i 1890-åra, men hjå borgarskapet og embetsmenn kom det tidlegare. Frå Gulen vert det fortalt: "Fyrste gong juletre vart brukt her i bygda var på ein juletefest for born, som lærar Årø skipa til den gongen han var lærar her. Det var i 1875". Juletreet har røtene sine frå sør-vest Tyskland på 1500-talet og er opphavleg eit symbol på den kristne bodskapen. Det eviggrøne treet skulle minne om det evige liv, kvistane som ytterst ser ut som kors skulle minne om Jesu død på korset, stjerna i toppen symboliserte Betlehemsstjerna og gåvene under treet skulle minne om gåvene dei heilage kongane hadde med til Jesusbarnet. Hjå folk flest var dei fyrste juletra av sprake og ofte så små at dei kunne plasserast på langbordet. Det vart pynta med talglys,

papirrekkjer, korgar og spir i toppen. Her var og mykje etande som kakefigurar med raud sukkermåling, eple og seinare appelsiner. Det var nok hardt for dei små og sjå på alt det fristande og ikkje kunne røre det.

Sjølv om gâveskikken vart teken opp i den norske jula i mellomalderen, vart den ikkje allmenn før ved slutten av førre hundreåret og då var gâvene for det meste heimelaga ting, som t.d. klede, som barna elles trong. Opphavleg var skikken avgrensa til gâver mellom høgare og lågare sosiale lag i samfunnet, t.d. ved at tenarar og husmenn fekk noko ekstra i tilknytning til jula (julegratiale).

Julafta i det gamle bondesamfunnet var ikkje berre god mat og godt øl, hygge og glede. Nei, denne kvelden var og forbunde med skrekk og angst. Julenatta var den farlegaste natta i året, for då var alle dei vonde vettene ute. Det var julereia, eller oskorsreia, som ho og vart kalla, ein frykta mest. Der ho stoppa opp og slo seg ned, kunne det skje mannedrap eller brann.

Trua på julereia har opphav i den heidenske midtvintersfesten, der dødsfesten var eit av elementa. Seinare gjekk dødsfest-trua over i kristendomen.

Reia vart framstilt som ein flokk av dauingar, dei fredlause som var for lite gode til å kome til himmelen og for lite onde til å kome til helvete. Dei rasa av stad som eit uver, ridande halslaust kring på frôsande svarte hestar. Dei velta hus, fjøs og stove, tok folk med seg, sleppte hestane or stallen og rei dei mest ihel. Om morgonen stod dei sveitte og utmatta i stallen. I Sogn var julereia skildra slik: "Nøkken rider i spissen på sin sorte hest. Dernæst kommer gamle lensmand på Dalsøren, det var en stor fæl mand med bjørneskindshue paa, og ham følger en række av kjente namngivne, liderlige kvinder og barnemordersker, ildgjærningsmænd og skjelflyttere, og alle disse stæder til ferden paa bestemte steder. Trettendagen, farer skreia nordefter og tar med sig folk der er utenfor husene og på veiene".

Det går mange segner knytt til julereia. Eit av desse er knytt til namnet Kvam, og i Sogn kjenner ein dette sagnet m.a. frå garden Kvam i Aurland. "Det er eit gamalt ord i Aurland: "Det er stakket jul på Kvam i år". Kvar julafta var dei vane med at "julereia" kom. Dei dekkja difor bordet med det beste dei hadde i huset og tende lys på bordet. Sjølv flytta folket ut av stova, så julereia kunne ha ho aleine. Blant husbondfolket var ein modig kar. Han tenkte med seg sjølv: "Enten eg eller du i kveld". Så ladde han rifla og la den oppå røykammen for å sjå kva som ville komme. Om ei stund kom det inn eit følgje leidd an av ein som heitte Tron. Han hadde så lang nase at når han sat i høgsetet, rakk nasen ned på bordet. Då dei vel var benka, drog kjellarsveinen i kjellaren med kjenga etter øl og då han kom opp att, drakk han av den med desse orda: "Dette skjenker jeg deg, Tron". I det same la mannen på omnen børsa til kinnet og brente laus i det han sa: "Dette skjenker jeg deg, Tron". Då høvdingen fall, vart det jammer og sorg på dei andre, og i det dei rømde huset, sa dei: Det ble stakket jul på Kvam i år"

Det var fleire ting ein kunne gjere for å verne seg mot reia. Julenatta vaka ein over elden og lyset, som skulle brenne heile natta. Julereia tolde ikkje lys. Ein gjenstand av stål vart lagt i i kornstaden, ein sette tjørkors over dørene og korsa øltønnene. Ein åt nattmåltid og alle på garden låg i halm på stovegolvet. Hans (fødd i 1891) fortel frå Brekke: "Ein vanleg skikk var å liggja i "julehalm". Me bar inn i ei krå i stova ein del rein halm og laga oss ei sams seng, flatseng, alt etter så mange me var.

Drenger og tenestejenter var med og, om dei ville. Lampa brann heile natti, og det gjekk pent og pynteleg for seg". Heilt fram til 1940-talet heldt nokre enno på halmskikken i Sogn.

Men vi må ikkje tru at alle attgangarane skapte uhyggestemming. Forfedrane som gjekk att og viste seg ved juletider kunne og kome som fredsame gjester i stova julenatta og forsyne seg av maten som stod på bordet over natta. Dette var dei som var hauglagde nær garden i oldtida, som høyrde til og verna den gamle heimen. Nissen, som han er kalla i nyare tid, var ein av desse. Han var identisk med gardvorden, altså han som opphavleg rydda garden, og trua på han heng nær saman med eldgamal forfedretru. Vår gamle fjøsnisse må ikkje forvekslast med den nissen vi kjenner i dag, som kjem frå Nordpolen med pakkar til barna. Denne nissen, stammar eigentleg frå Tyrkia, der han ei gong i tida var biskop. Seinare vart han helgen, St. Nikolaus. St. Claus, som han og vert kalla, er her i landet ein tradisjon frå vårt hundreår.

Julaftanatta og nyttårsafta var og tida til å ta varsel om kva det kommande året ville bringe. Dette var som vi har vore inne på, opphavleg romerske nyttårsskikkar. Føremålet var å finne ut mest mogleg om liv og lagnad i det kommande året, men særleg viktig var varsel om kven som kom til å døy, varsel om grøda på garden, kor det skulle feirast bryllaup og kven som hadde fødsel i vente. Dessutan var spådomar om veret viktig, då som no. Det var mange metodar i bruk for å finne ut noko om liv og død. Peisen og røykomsten t.d. kunne fortelje rett mykje. Då det leid fram på høgtidskveldane og varmen slokna ut, klakka ein oska fint til. Neste morgon fekk ein sjå tydelege far i den fine oska, etter folk og fe. Dei fara som gjekk innover, fortalde om tilgangen i det kommande året og fara som gjekk utover fortalde om dei som kom til å gå bort. Like eins var det med julebordet og nyttårsbordet. Ingen måtte lyse under bordet etter at kveldsmaten var eten, men då dagen braut fram kunne ein tydeleg sjå små korn av bygg eller havre der huslyden hadde sote om kvelden. Skulle nokon falle frå i året, var korna tome eller heilt borte. Ønskte ein å vite kven ein kom til å gifte seg med, skulle ein sette tre skåler på bordet julenatta, ei med vatn, ei med mjølk og ei med øl. Midt på natta ville den kommande ektemaken dukke opp og drikke av den eine skåla. Drakk han eller ho av vass-skåla, varsla det fattigdom, drakk han/ho av mjølkeskåla vart det so passeleg og vart det drukke av ølskåla, kunne ein vere sikker på at det vart rikdom i livet.

Det vert fortald om ein tenestegut som ei julenatt fekk lyst til å sjå lagnaden sin. Ei stund etter at han hadde sett fram skålene kom kona til husbonden og drakk av mjølkeskåla. Morgonen etter spurte husbonden korleis det hadde gått. "Du ville lura meg du, sa drengen til kona." "Eg"?, spurte ho undrande. "Ja, trur du ikkje eg såg deg," svara han. Kona nekta for at ho hadde vore der, men før neste jul kom, var husbonden død og tenesteguten attgift med kona.

## ROMJULA

Juledagsmorgon var det vanleg at alle vart servert mat på senga av husbonden sjølv. Bergitt (fødd i 1903 i Gulen), fortel at då dei kom ned i stova julemorgon, fann dei ei stor pakke med mat til kvar av barna. "Mor hadde sete om kvelden og laga det til. Det var julebrødsriver og kaker og ymse slag frukt. Det var pakka inn i eit klede og vi kunne ha alt for oss sjølve, gøyme det og ete av det nett når vi ville".



Juledagen måtte alle halde seg heime og helst andredagen med. Ein skulle ikkje skiple helgefreden for kvarandre. Men så var det tid for gjestebod og leik, resten av romjula, eller lopredagane, som ein sa. Men ein gjekk ingen stad ubeden, dersom ein då ikkje var julebukkar. I mange bygder var det vanleg at grannane heldt lag for kvarandre, kvar sin kveld. I Fjærland kalla ein dette å gå Hopagange. Tenarane hadde sine egne lag der dei smakte på kvarandre sine julekaker og brennevin, som dei hadde fått hjå husbondfolket. Var ein på besøk, måtte ein smake juledrammen. Hvis ikkje, heitte det seg at ein bar jula ut.

Først trettandedagen jaga Sante Knut, jula ut. Rimorda har seinare vorte samanblanda med tjuandedagen og og har vorte til "Tjuandedags-Knut jagar jula ut" Trettandedagen var likeså høgtidsam som jule og nyårsdagen. Då tende dei eit stort trearma lys til minne om dei heilage tre kongar og åt det same som på julafta.

Heilagtrekongardag var og ein viktig merkedag for vårveret og voksteren i det nye året: "Heilagtrekongardag klår gjev godt år, sa dei i Sogn".

Denne gjennomgangen av ein meir enn tusen år lang periode med juleskikkar og julefeiring, har vist at julefeiringa som alt anna i samfunnet endrar og utviklar seg i takt med samfunnet elles. Skikkar har komme til og skikkar har forsvunne undervegs og dei vi har halde på, har ofte endra funksjon og betydning. Ikkje minst i siste del av vårt hundreår, har mange av dei gamle julsykkane frå det gamle bondesamfunnet vorte erstatta av nye skikkar, tilpassa eit moderne, sokalla kommersielt samfunn. Likevel vil den siste jula i dette hundre, -og tusenåret, bære i seg element både frå heidensk norrøn, heidensk romersk og kristen tradisjon, i tillegg til dei nye sykkane som har vandra over landegrensene dei siste hundreåra. Det skal bli spennande å sjå kva det nye tidsskille bringer av endringar i juleferinga.

## LITTERATUR

- Bygdebok for Årdal. Årdal 1978.
- Bø, Olav: Vår norske jul. Gjøvik 1984.
- Heimbygdi vår. Sogndal. Årbok IX. 1941
- Visted, Kristoffer og Stigum, Hilmar: Vår gamle bondekultur II. Oslo 1971.

## KJELDER

- Minnemateriale frå Sogn, samla inn gjennom minnetevlinga som Nasjonalforeningen for Folkehelsen skipa til i 1964 og Nasjonalforeningen for Folkehelsen og Landslaget for Lokalhistorie skipa til i 1981. Originalsvara er arkiverte ved Universitetet i Oslo, institutt for kulturstudier.
- Minne frå hundreårsskiftet samla av Norsk Etnologisk Gransking. Originalsvara er arkiverte ved Universitetet i Oslo, institutt for kulturstudier.



Aud Ross Solberg